


BRUKEN AV SKOG OG UTMARK FØR I TIDA.

Seinare i heftet skal me sjå på korleis jakt, fangst og fiske blei dreve før. Nå skal me fyrst sjå litt på korleis folk i gamle dagar utnytta *plantelivet* i den ville naturen. Dersom du ikkje er i frå Åmli er det likevel temmelig sikkert at det var på same måten dei gamle i din kommune gjorde det på.

For å forstå korleis folk hadde det i gamle dagar, må du tenke deg eit liv utan veg, jernbane, elektrisk straum, telefon og sjølv sagt alle typer maskiner. Var du rik nok, hadde du hest, var du fattig, hadde du bare di eiga muskelkraft. Uansett måtte du hente maten i nærleiken av der du budde. (Skal me gå rektig langt tilbake, var det nok bare fangstfolk som strauk gjennom Åmli på jakt etter elg, hjort og rein sommarstid. For ikkje å gå seg vill, fylgde dei vel elva tilbake til kysten, der dei budde om vinteren og fiska , åt blåskjell og liknande.)


Etter ei stund blei det for mange folk ved kysten til å gje mat til alle, og etterkvart flytta dei innover for å overleve. Nå kom ei tid der folk budde fast på ein plass, hadde husdyr og dyrka jorda. Å bytte varer med kvarandre gjorde dei heile tida. Det å dyrke korn, særleg bygg, var ein lærdom dei tok med seg. Då var det viktig at ikkje kornet fraus vår og haust. Derfor slo dei seg ned høgt oppe i lia der det var mindre nattefrost. (Hugs at kald luft sig, varm luft stig.)

Det var sjølv sagt eit voldsomt arbeid å rydde skog om til dyrka jord, derfor utnytta dei *åkeren* mest bare til korn (flatbrød, graut og maltøl). Det høyet som var nær garden, *vallhøyet*, var det bare hesten som fekk. Fôr til ku, sau og geit måtte dei hente frå *utmarka*, dvs. skog og hei. Sommarstid var det greitt, då kunne dyra bare beite gras og lauv der, rettnok med born, *juringar*, til å passe dei.




Verre var det å skaffe fôr til den lange vinteren, då dyra stod inne. Dette måtte skaffast frå ville naturen. Tynne kvistar med lauv på blei hogd med ein *lauvsigd*, surra saman og frakta til garden. Før var det mange småhus på ein gard, og fjøs og løe var to ulike bygningar. Igjen var det hesten som fekk det gjevaste fôret, og det var *ospa*. Då ser ein bort i frå *almen*, som var det aller gjevaste. Den var så gjev at den blei brukt til menneskemat, *barkebrød*. Ja, skjølv om det ikkje var naud, var litt almebork fint å ha i flatbrødet då dette gjorde det lettare å få det til å henge saman. Før sa folk *åm* om alm. Ein plass med ei rik almeli, ei *åmli*, var ein gjev plass. Slik finn ein forklaringa på


Rogn




Bjørk



Selje



Svartor



Barlind




Høystakk

For å sjå kor mykje ein kunne bruke skogsvirke til, skal me sjå på to bartre, *furu* og *einer*. *Gran* var på langt nær så viktig før i tida.

Furua har utan tvil vore det viktigaste treet for menneska i Åmli frå oldtid og fram til i dag. Til husbygging var dette einaste treet som dugde. Ved rett val av tømmer kunne huset stå i fleire hundre år.

Furu



namnet Åmli. Denne gamle garden blei etterkvar prestegard og seinare kommunenamnet. I dag er der mest ikkje alm att. I den *nest siste* krigen Norge var med i, 1807 - 1814, sperra England sørlandskysten for kornimport. (Les Terje Vigen!) Dette saman med nokre elendige somrar, gjorde at folk svalt fælt og almen var det fyrste treet som blei utnytta.

Mest alle andre typer lauvkvist, t.d. *bjørk*, *rogn* og *selje*, blei brukt til ku, sau og geit. Men *svartor* var dyra ikkje noko glad i. Endå verre var det med *barlind*, eit av våre fire bartre, som var direkte giftig, ja, for hesten dødleg. Dette treet var det forresten ikkje mykje av då det var det aller gjevaste emne til å lage boge av, og såleis var hardt utnytta sidan før vikingtida.

I tillegg til lauinga kom *utslåtten*. Myrar og åpne plassar i skog og hei blei slått med ljå, raka saman og lagt i *høystakkar*. Det var ein kunst å lage desse slik at vatnet ikkje trengde inn og fekk høyet til å råtne. Rundt ei stang, ei *stakksneis*, blei høyet trødd på plass, høgare og høgare, inntil han som trødde måtte få høyet langa opp frå toppen av riva til den (ofte ho) som stod på bakken. Som eit lokk på toppen blei eit torvstykkje lagt til slutt. Då var det å vente til det blei fint sledefore til å køyre heim høyet om vinteren.

I dei eldste tider blei nær sagt alt på treet utnytta. Av rottægene blei det fletta korger. Nye skot på greinene inneheld mykje C-vitamin og blei brukt mot skjorbuk om våren. Det gule blomsterstøvet blei brukt som barnepudder. Indre del av borken blei malen og bruka til borkebrød. Av tyri-("tøre")veden



kunne ein lage faklar ("skundor") og lysstikker inne, eller brenne ut tjøra til impregnering.

Toll er eit gammalt namn på furu som ennå kan høyrast i Åmli-dialekten t.d. om baret (toll-bar).

Sal av tømmer starta på 1600-talet då kysten vart uthoggen. Til skipsmaster var innlandsfuru best, då ho hadde lite kvist.

I eit par hundre år blei Åmli-bøndene pålagt å levere furu til kolbrenning for jarnverka på Nes og Froland.

Men særleg lønsamt var desse fyrste trelasthandlane ikkje. Det er fyrst etter 1870-åra det vart økonomisk vekst i skogbruket.

Namn i Åmli etter treet er t.d. Forland og Furulund.



Einer

Knapt noko tre har frå gammalt vore utnytta til så mange ulike føremål som *eineren*. Nokre kallar han òg for brisk.

Veden står seg godt mot rote, så pålar og staur av einer kunne stå i jorda i mange år. Greinene er seige og kan bøygast til mangt eit bruk. Eit gammalt døme er *hegd*. Dette var ei einergrein (andre treslag kunne og brukast) bøygd til ein ring (måtte varmast opp) med begge endane stikkande ut. Tau blei knytta inn i hegda, trukke rundt den børa som tauet skulle halde saman, og så tilbake til hegda, der det blei kraftig stramma. Hegd med bæretau var den vanlegaste transportreiskapen i gamle dagar, likeeins hegd til samantrekking av høystakkar og høyllass.



Hegd

Veden gir frå seg frisk smak og passa til kar med melk og øl i.

Før å få frisk lukt i huset strødde ein hakka einer på golvet til høgtidene.


Einerlåg - vatn koka på einerbar - passa til alt frå hårvask til ølbrygging.

Røyking av kjøt og fisk blir best med einer.

Som krydder, t.d. i viltsaus, er dei 2 år gamle, blå "bæra" fine. Dei grøne, 1 år gamle, har for mykje terpentini i seg.

Over 50 bruksmåtar er registrert for einer.

Som du har sett så var det utruleg mykje ein kunne hente ut av skogen for å livberge seg før. Likevel er det mykje som ikkje er nemnt, t.d. *bærplukking*, all bruk av *bjørkenever*, *torvhenting*, *plantefarging*, *medisinplanter*, *soppsanking* og mykje meir. Men det ville føre for langt å ta opp her.



Spørsmål/oppåver til "Bruken av skog og mark før i tida."

(Ein del spørsmål må du bruke andre kjelder enn sjølve artikkelen for å klare.)

- 1) Tenk deg tilbake i tida der du må rydde plass i skogen for å starte ein liten gard frå grunnen av. Set opp ei liste over kva du måtte gjere.
- 2) Kvifor låg dei eldste gardane eit stykke oppe i lia? Kan du finne døme på dette i din kommune?
- 3) Kva heitte huset der dei lagra maten i , på gardane før? Kvifor såg det slik ut?
- 4) Kvifor var ikkje *all* slåtten på jorda rundt garden før, slik det er nå?
- 5) Nemn døme på det dei brukte *kornet* til i gamle dagar.
- 6) Veit du om plassar i din kommune der dei hadde kvern (mølle) til å male korn?
- 7) Korleis henta dei fôr til dyra før?
- 8) Kva kjem namnet Åmli av?
- 9) Kvifor svalt folk *ekstra mykje* i åra før 1814?
- 10) Kva var *barlind* det beste treet til?
- 11) Kva var det viktigaste å passe på ved oppbygginga av ein høystakk?
- 12) Veit du om *uteslåtтар* i din kommune? Veit du om gamle *hoybuer*?
- 13) Kvifor var furustokkane best til husbygging? (Du skal fram til eit *stoff* i veden.)
- 14) Kan du eit anna namn på furu?
- 15) Kvifor måtte dei ha mykje *trekol* på Nes og Froland jarnverk?
- 16) Kvifor er *einer* så godt egna til staur og pålar?
- 17) Kva er ein hegd? Har du sett ein der du bur? Kan nokon ta med ein til klassa?
- 18) Veit du eit anna namn på einer?
- 19) Nemn ulike måtar bjørkenever blei brukt til?
- 20) Kva brukte dei torv og torvmose til før?

